



Radøy kommune
Avd. byggesak
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Deres ref.:
15/756 – 16/9621

Vår ref.:
Lena Lekve

Dato:
09.05.18

**SØKNAD OM FORLENGING AV MELLOMBELS BRUKSLØYVE VED GBNR.
45/392 I RADØY KOMMUNE.**

Det vert med dette søkt om forlenging av mellombels bruksløyve for gbnr.45/392 i Radøy kommune, eventuelt ny søknad om mellombels bruksløyve.

Ein ber om at kommunen vurderer søknaden om mellombels bruksløyve som ein forlenging av tidlegare gitt løyve, grunna saka sine omstende. Subsidiært ber ein om at gebyret for sakshandsaming av eventuelt ny søknad vert redusert på same grunnlag.

Heimelshavar er frustrert over situasjonen med at utbyggjar brukar uforholdsmessig lang tid på å ferdigstille veg, vatn og avlaup, og har unnlatt å søke om forlenging innan utløp av fristen grunna utgiftene dette medfører. Han ser det ikkje som rettmessig at han skal lastast desse utgiftene når huset i seg sjølv er ferdigstilt og ferdigattest er avhengig av utbyggjar.

Etter førespurnad frå ansvarleg søker, har utbyggjar Rune Ulvatn sagt seg villig til å dekke utgiftene til søknad om forlenging av mellombels bruksløyve, eventuelt ny søknad om mellombels bruksløyve. Sjå vedlagt e-post der utbyggjar bekreftar dette, jf. vedlegg Q-1. Ein ber om at gebyret for sakshandsaminga av søknad om mellombels bruksløyve vert fakturert direkte til utbyggjar Rune Ulvatn, slik at heimelshavar ikkje treng ta stilling til ein slik faktura.

Det vert vist til tidlegare gitt mellombels bruksløyve av 28.07.2016, der det det er stadfesta ovanfor kommunen at tiltaket er ferdigstilt i samsvar med løyve og vedtak i saka, og at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat. Det vert i si heilskap vist til tidlegare innsendt dokumentasjon på at tiltaket er ferdigstilt og oppfyller krava til ferdigattest.

Det står framleis att å ferdigstille VVA-anlegg i Selfallet bustadfelt, og det kan difor ikkje enno søkjast ferdigattest på tiltaket. Ansvarleg søker har i samtale med kommunen forstått at kommunen er kjent med forholda på Selfallet, og at utbyggjar har fått purringar på ferdigstilling av VVA-anlegget. Utbyggjar har opplyst at ferdigstilling truleg vil skje i løpet av sommaren 2018.

Firma:
Arkoconsult AS

Forretningsadresse:
HTB-bygget, sentrum

Postadresse:
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen

Foretaksregisteret:
Org. nr: 997 089 782



På bakgrunn av saka sine omstende med at utbyggjar har brukt uforholdsmessig lang tid på ferdigstilling av VVA-anlegget, vel ein å søkje om mellombels bruksløyve i 1 år for å spare tid og kostnader med ytterlegare forlenging ved eventuelle forseinkingar utover utbyggjar sine lovnader.

Dersom de ynskjer ytterlegare informasjon i høve saka, ta gjerne kontakt på telefon eller e-post for raskt svar.

Venleg helsing/Best Regards

A handwritten signature in blue ink that reads "Lena Lekve".

Lena Lekve

Jurist, Byggesak

Direkte: +47 95963006 | Felles: +47 56390003

Faks: +47 56191130

E-post: lena@arkoconsult.no

The Arkoconsult logo, consisting of the orange 'A' icon and the company name.